

Marsbrev Noas ark 2019

Månaden som gjekk...

..har vore kjekk med vår i lufta fleire dagar og mykje uteleik. Det var spanande å bruka tid på historia om Noas ark. Vi brukte samlingar, songar, samtaler og frileik på historia. Høgdepunktet vart karnevalet då vi fekk vera med oppi arken med Noa (Hege), og vi fekk fiska rosinesker frå arken.

Det har vore litt sjukdom blant personalet. Det påverkar sjølvsgt avdelinga, men vi har hatt vikarar som barna kjenne og er blitt glad i. Det har gjort at vi har hatt gode dagar.

Turdagen (onsdag) er ein dag vi gler oss til. Alle liker å få gå ut av porten og vidare til Berget. Vi jobbar oss oppover bakker og nedover bakker. Vi utforskar det vi finn av pinnar/ kongler/ planter og fuglar. Vi har funne trer som er gode å klatra i, og greiner vi kan ri på. Vi satsar på at halve gruppa kan eta lunsjen på tur framover.

Satsingsområdet: Livet på garden.

Våren

Vi vil bruka denne og neste månad til å sjå korleis naturen vaknar til liv igjen etter vinteren. Det blir spanande å grava i jorda og finna marker og småkryp og vi vil planta litt sjølv. I slutten av månaden begynner vi å bli kjent med påskeevangeliet.

Barna veks og utviklar leiken til meir samleik og rolleleik. Det er knallkjekt, men og utfordrande. Vi jobbar med at barna skal læra at: "Eg skal vera meg, men gje plass til andre slik at dei blir seg" (Frå løvelova i "Være sammen"). Vi vil øva på korleis vi kan vera ein god ven, korleis vi kan få vener og kva vi kan gjera saman.

Vi har fokus på **sosial kompetanse** med desse 5 hovudpunkta:

Sjølvhending (ta sin plass, vera seg sjølve)

Sjølvkontroll (venta på tur, gje plass til andre)

Empati (leva seg inn i andre sine kjensler, trøysta)

Prososial atferd (lytta, hjelpa, takka, godta andre sine grenser)

og **leik, glede og humor** (kunna starta, verna og vidareutvikla leik, gleda seg saman).

